



Torild Ruth Herstad
Buheim 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar: Ref.:PV7WVT-
Skjemanr.:5367
Vår: 22/4462 - 22/53893

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2022

Melding om endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 137/669 Alver

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 30.05.22. Me kan ikkje finna byggeteikningar for dette bustadhuset, og det er ikkje oppgitt byggeår i matrikkelen. Saka har ikkje vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga men er lagt til kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.

Bygningstypen er no endra frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad.

Vurdering:

De ynskjer endra bygningskoden frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad, med grunngevinga at de ikkje lenger leiger ut i kjellaren. De har ikkje leigd ut på mange år. De har opna opp mellom bueiningane- er ikkje lenger dør mellom- og har tatt i bruk arealet til eige bruk. De ber difor om at registrert leilighet i underetasjen skal utgå.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, på bakgrunn av melding frå eigar om at faktisk bruk seier at dette er ein einebustad.

Dersom det vert etablert utleige i bygget igjen pliktar de å gje kommunen melding om dette, for oppdatering av opplysningar i matrikkelen, eventuelt søknad om bruksendring etter PBL for å etablere ei godkjent utleigeining.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torild Ruth Herstad

Buheim 11

5911 ALVERSUND